

Innkomne uttalar frå høyring av melding om oppstart av verneprosess for utvida vern av Strandaliane naturreservat, Suldal kommune, Rogaland.

Fylkesmannen sendte 19. februar 2016 melding om oppstart av verneprosess om utvida vern av Strandaliane naturreservat.

Det kom i alt seks merknader til meldinga om oppstart av verneprosessen. I det fylgjande er fråsegna samanfatta, med kommentarar frå Fylkesmannen nedanfor:

Statnett SF Statnetts 420 kV-ledning mellom Kvilldal og Rjukan går gjennom det planlagde verneområdet over fleire strekningar. Det er liten konflikt mellom leidningen og vegetasjonen, då leidningen går høgt over bakken og det er hogd i liten grad i klausuleringsbeltet. For Statnett er det viktig at det i verneforskrifta er opna for ferdsel fram til mastepunkt og leidning både med terrenggåande køyretøy, snøscooter og helikopter ved drift og vedlikehald. I tillegg kan det stadvis bli behov for hogst dersom vegetasjonen blir for høg. Dei ber om at potensielle konflikter med tema energiforsyning og energianlegg vert omtalt i det endelege verneframlegget, og at forskrifta opnar for motorisert ferdsel fram til mastepunkt og andre potensielle tiltak i leidningstraseen.

Fylkesmannen tek fråsegna til orientering, og har innarbeidd generelle føresegner i framlegget til verneforskrift for drift og vedlikehald av eksisterande kraftlinjer og andre energianlegg. Verneforskrifta seier at det kan gjevast dispensasjon til naudsynt rydding i bekkedar utanfor ryddebeltet.

Statkraft Energi AS peikar på at verneområdet er planlagt nær inntil bekkainntak på 54/10 og 11 og at dei treng rett til motorisert ferdsel fram til installasjonane og plass til drift av desse. Dei peikar og på at det kan oppstå behov for å rydda skog og kratt i bekkane nedstraums desse med tanke på flaumvassføring.

Fylkesmannen tek fråsegna til orientering, og har innarbeidd generelle føresegner i framlegget til verneforskrifta for drift og vedlikehald av eksisterande kraftlinjer og andre energianlegg. Verneforskrifta seier at det kan gjevast dispensasjon til naudsynt rydding i bekkedar utanfor ryddebeltet.

Direktoratet for mineralforvaltning skriv i si fråsegn at tiltaket ikkje kjem i konflikt med mineralressursar av regional eller nasjonal verdi, og har derfor ingen merknader til melding om oppstart.

Språkrådet, Stadnamntenesta på Vestlandet tilrår at namnet på området blir skrive Strandaliane og ikkje Strondaliane som i meldinga. Ut frå andre namn i Suldal og gramatikken i suldalsmålet er det genitivsforma *Stranda-* av den lokale forma *strondo* som skal nyttast.

Fylkesmannen har i samsvar med dette og i samråd med Suldal kommune endra skrivemåten til Strandaliane.

Forsvarsbygg syner til at dei har ansvar for å ivareta interessene til Forsvaret i denne type saker. Dei ber i si fråsegn om at det i føresegna går tydeleg fram at forbod mot motorisert ferdsel ikkje gjeld militære luftfartøy.

Fylkesmannen tek fråsegna til orientering, og har endra føresegna deretter (jf. §5 andre ledd bokstav a). Fylkesmannen viser elles til at unntaka frå ferdselsreglane som gjeld militær operativ verksemd er standardformuleringar godkjent på departementsnivå (jf. § 6 første ledd bokstav a).

Statens vegvesen har ikkje merknader i saka.